

Saksutredning:

VESTLANDSRÅDET OG EIN MULEG KINA-STRATEGI FOR VESTLANDET

Trykte vedlegg:

1. Vestlandsrådet og ein muleg Kina-strategi for Vestlandet
2. Rapport IRIS – En kina-strategi for Vestlandsrådet og Vestlandet

Utrykte vedlegg:

Sammendrag

Etter ei delegasjonsreise til Kina, inkludert eit opplegg på verdsutstillinga EXPO 2010 i Shanghai, i september 2010, ønskete Vestlandsrådet å vurdere ein eigen Kina-strategi for Vestlandet. Forskningsinstituttet IRIS i Stavanger fikk i oppdrag å gjere ein analyse av grunnlaget for ein slik strategi. Rapporten er no klar, men gir ingen klare tilrådingar utan nemner tre ulike modeller for samarbeid: sentralisert oppgåveløysing, desentralisert oppgåveløysing og nettverksmodell. Likevel har rapporten gjeve eit godt innsyn i dei mange utfordringane ein står overfor. Den fortel også om potensialet som finnест for eit nærmare samarbeid mellom Kina og norsk næringsliv. I det heile har IRIS sin rapport langt på veg gjeve svar på dei spørsmåla ein vill sjå nærmare på. I saka tilrår ein at ein no ikkje går vidare med ei regional satsing, men heller nyttar de lokale organa som finnест i satsinga mot Kina.

Forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet tek rapporten til orientering.
2. Vestlandsrådet vil støtte opp om det eksisterande "Norsk Regionalt Kina-forum" for koordinering og erfaringsutveksling mellom fylka. Ein vil også vise til arbeid dreve i regi av andre aktørar mellom anna Greater Stavanger og Business region Bergen/Bergen næringsråd.

Paul M. Nilsen
fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.